

● Herøy båtlag satsar med nytt utstyr og nytt AS:

# Har investert i båtvoan

Med ei flunkande ny båtvoan, med løftekapasitet på 25 tonn, anar Herøy båtlag moglegheiter inne i Ura i Fosnavåg. Dei har til og med oppretta eige aksjeselskap i lys av investeringa – Fosnavåg Båtservice.

– Vi måtte ha oss ei ny vogn slik stoda var. Det har rett og slett vore for mykje styr – alt for mange ledd for å få på land båtane. Vi har måtte vore 2–3 mann for å i det heile få tatt opp dei største båtane. Vinsjen og vogna har det elles vore noko larv med som vi har måtte reparere gang på gang, forklarar leiar i båtlaget Paul Mosen då Vestlandsnytt kjem til slippet deira inst i Nørvågen.

Løysinga på problemet står no rett framføre oss. Ei svenskprodusert båtvoan av typen Sublift, frå produsent Swede Ship.

– Der er om lag 200 av denne i heile verda. Det som er nokså unikt med den er at ein kan køyre heile vogna med motor ned i vatnet for så å raskt få båtane opp på land igjen, forklarar Anders Eriksson i Swede Ship.

Han er her for å lære opp gjengen i Herøy båtlag i korleis vogna fungerer. Han peiker og viser korleis fjernkontrollen som Mosen har rundt livet skal opererast, medan han svarar lokalavisa. Paul er nemleg i ferd med å ta på land båten til ein av dei andre som står saman med oss ved slippet, Bjørn Gundersen.

– Den har ein løftekapasitet på 25 tonn, noko som betyr ein auke i løftekapasiteten vi har hatt med 5 tonn. Det trur vi kan kome godt med. Ein treng ikkje meir enn ein mann for å operere vogna heller, ein annan stor fordel, forklarar Bjørn Gundersen.



**EI GOD INVESTERING:** Med si flunkande nye båtvoan, med løftekapasitet på 25 tonn, anar Herøy båtlag og deira nyoppretta aksjeselskap moglegheiter inne i Ura i Fosnavåg. I tillegg til å gjere arbeidet med å ta på land eigne batar enklare, er det no mogleg å hjelpe andre med å få batar på land i samband med vedlikehald eller inspeksjon. Det ser Fosnavåg Båtservice føre seg å kunne hjelpe med. Her ser vi (f.v.) Eirik Sævik Mosen, Anders Eriksson (Swede Ship), Paul Mosen og Bjørn Gundersen.

## Rask prosedyre

Som om ikkje løftekapasiteten og behovet for mindre mannskap for å styre vogna var nok – tidsbruken for å få på land batar har også blitt drastisk redusert.

– Vi reknar med at vi kan ta på land ein båt på om lag fem minutt med den nye vogna. Det opnar elles andre moglegheiter for oss som båtlag, forklarar Mosen.

## Har oppretta eige AS

Moglegheitsrommet ein ser i nyinvesteringa kan son til Paul, Eirik Sævik Mosen forklare oss meir om. Han er dagleg leiar i eit nytt aksjeselskap som deleigarane i Herøy Båtlag har

oppretta, Fosnavåg Båtservice.

– Tidlegare har vi fått førespurnadar om vi kan hjelpe folk med å ta på land batar, men vi har ikkje kunne gjort det. Med denne vogna ser vi no moglegheiter for å kunne tilby denne typen teneste, då det krev såpass lite folk som det gjer. Det kan vere alt ifrå inspeksjonar på skroget, vask eller mindre reparasjonar, forklarar Sævik Mosen.

Strategisk ligg dei godt plasserte også – like ved det lokale fiskemottaket Fosnavåg Pelagic.

– Vi ser føre oss å kunne tilby fiskarar å få ta på land sjarkane sine for små vedlikehaldsoppdrag. Vi har såpass med plass at

ein også kan får kome under tak, forklarar Sævik Mosen.

– Ser de føre dykk at det rett og slett kan bli ein verkstad med tida?

– Det er ikkje umogleg. Kanskje vi kan opparbeide området endå betre, men i fyrste omgang tenker vi enkle vedlikehaldsoppdrag, forklarar Paul.

Vogna eigd av Fosnavåg Båtservice og det er naturleg nok eigarane og dei som har båtane sine lagra inne i Nørvågen som har fyrsteprioritet.

– Vi må også presisere at vi ikkje utfører vedlikehald. Vi hjelper gjerne med å peike folk i rett retning, men vi er primært ein fasilitør som stiller med vogn, legg Sævik Mosen

til.

## Kan skape meir liv på hamna

Båtlagsmedlemmane påpeiker at satsinga dei no går i gang med er eit synleg prov på at det kan skapast aktivitet på Fosnavåg hamn, utanom storindustri.

– Hamna ligg framleis godt til rette og vi trur her er moglegheiter for satsingar her inne framleis. Derfor håper vi politikarane no kjem i hamn med ei god løysing for miljøopprydninga her, avsluttar Paul.

**BJØRNAR SÆVIK**  
bjornar@vestlandsnytt.no



**HURTIG PROSESS:** Så snart ein får taket på teknikken er det mogleg å ta på land batar på berre få minutt. Her er Paul Mosen i ferd med å ta på land båten til Bjørn Gundersen.



**RETTELEIING:** Svenske Anders Eriksson (t.v.) var denne veka på plass for å drive opplæring.



**30-40 BÅTAR:** Mellom 30–40 batar er på vinterstida som regel lagra inne i Herøy Båtlag sine lokale i Fosnavåg. No blir det endå lettare å ta dei på land.